



MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 28.10.2011
Stad: Flå, Thon Hotel Bjørneparken

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøll,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Halvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Tor Egil Buøyen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

SAK 51/11 VAL AV RÅDSORDFØRAR OG VARAORDFØRAR

Vedtak

Etter framlegg frå Tor Egil Buøyen vart:

Oddvar Grøthe samrøystes valt som rådsordførar for neste 4-års periode.

Etter framlegg frå Ivar Brevik vart:

Tor Egil Buøyen samrøystes valt som varaordførar for neste 4-års periode.

SAK 52/11 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 30.9.2011

Vedtak

Møteprotokoll 30.9.2011 vart vedteke.

SAK 53/11 ORIENTERING OM ARBEIDET I REGIONRÅDET (vedlegg 1)

Dagleg leiar orienterte om aktuelle problemstillingar og arbeid Regionrådet er engasjert i (presentasjon vedlegg 1).

SAK 54/11 VAL TIL DIVERSE FORA

Vedtak

Val av nye representantar:

- Representant til styre for Hallingdal Næringshage: **Ivar Brevik**, erstattar Torleif Dalseide
- Representant til styre Forum Nye Bergensbanen: **Tony Kjøll**, erstattar Torleif Dalseide
- Representant i Hallingdal Ungdomsråd: **Olaug Grønseth Granli** held fram
Vararepresentant **Tony Kjøll** erstattar Erik Kaupang.
- Representant til styringsgruppa for prosjektet «Velkommen til oss»: **Tor Magnussen**,
erstattar Gerd Eli Berge
- Representantar til styringsgruppa for prosjektet Hallingdal Lokalmedisinske Senter: **alle
ordførarane**
- Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter: **Tor Magnussen**, erstattar Tor Egil Buøyen
- Representant til styringsgruppe, prosjekt Trafikktryggleik Hallingdal: **Gerd Eli Berge**
held fram som leiar.

- Representantar Fjellregionsamarbeidet:
Representantar til Rådet for Fjellregionsamarbeidet:
 - **Ivar Breivik**, vara **Tony Kjøll**
 - **Oddvar Grøthe**, vara **Tor Egil Buøyen**
- Kandidat til Styret for Fjellregionsamarbeidet:
 - **Olaug Grønseth Granli**, vara **Ivar Breivik**
- Representant til SLT (kriminalitetsførebyggande tiltak) blir vurdert i samråd med rådmannsutvalet for å få ei geografisk fordeling.
- Felles observatør for kommunene i Hallingdal, til Hallingporten Vegfinans: **Tor Egil Buøyen**, vara **Tor Magnussen**.

Regionrådet er også representert i følgjande fora:

- IS Rv7: styremedlem Tor Egil Buøyen
Sekretariatsfunksjon: Knut Arne Gurigard
- Samarbeidsgruppe E16 Skaret – Hønefoss: Knut Arne Gurigard
- Fylkesmannen i Buskerud; «Modernisering og omstilling i kommunene»: Oddvar Grøthe og Odd Egil Stavn
- Utviklingsforum Buskerud fylkeskommune: Oddvar Grøthe
- Overordna samarbeidsutval (OSU) for kommunehelsesamarbeidet Vestre Viken: Odd Egil Stavn.

SAK 55/11 DELTAKING I KOMMUNEHELSEARBEIDET I VESTRE VIKEN

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår kommunane i Hallingdal til å vidareføre deltaking i Kommunehelsesamarbeidet i Vestre Viken i 2012.

SAK 56/11 ÅRSBUDSJETT FOR 2012 OG ØKONOMIPLAN OG HANDLINGSPROGRAM 2012 – 2015

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjer slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2012, med ei kommunal finansiering på kr. 1.404.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 600.000 for 2012, frå kommunane i Hallingdal.
3. Med bakgrunn i vedteke handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal, vedtek Hallingtinget forslag til økonomiplan 2012 – 2015.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

SAK 57/11 LENSMANNSKONTORA I HALLINGDAL, ORIENTERING VED POLITIMEISTER I NORDRE BUSKERUD

I samband med saka deltok politimeister Sissel Hammer, lensmann Geir Vidme og lensmann Pål Mikkelrud.

Politimeister Sissel Hammer orienterte om situasjonen i Hallingdal og drøftingar som pågår for å kunne gje betre tenester, ut frå at dagens situasjon ikkje er tilfredsstillande.

I denne samanheng blir det m.a. diskutert samlokalisering av lensmannskontora i Hallingdal, med lokalisering på Torpomoen, m.a. for å frigjera ressursar til meir tenester, betre vaktordningar og betre treningsmogelegeithei.

I etterfølgjande diskusjon kom det fram synspunkt både for og i mot ei samlokalisering. I det vidare arbeidet vil Regionrådet for Hallingdal bli helde orientert og teke med på råd.

SAK 58/11 ORIENTERING VED IMDi OM BUSETTING AV FLYKTNINGAR I 2012

I samband med saka deltok Petter Hansen og Ellen Bruun Torvik frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi). Dei orienterte om busetting og integrering av flyktningar m.a. for 2012, og prognose for ankomst av nye flyktningar.

IMDi har nyleg sendt ut brev til kommunane med oppfordring om busetting av flyktningar i 2012. Svarfrist er 15. desember. IMDi ynskjer og å kunne drøfte t.d. 4-årige avtaler, som vil kunne gje betre forutsigbarheit.

For 2011 var totalt mål for kommunane i Hallingdal 47 busette. Resultatet so langt er 12!!

SAK 59/11 INTEGRERING-/INKLUDERINGSPROSJEKT I HALLINGDAL

I samband med saka orienterte prosjektleiar Lornt Letnes om integrerings-/inkluderingsprosjektet i Hallingdal.

Gjennom prosjektet er det gjennomført analysar som har resultert i konkrete forslag til tiltak, der to av punkta er adressert til kommunane:

- Tiltak for å skaffe bustad, noko som kan vera eit problem i dag
- Ei viss dreiling av tilskotssystem til lag og organisasjonar, for å nå målgruppa

Prosjektet har også sett i verk eigne tiltak som:

- Utarbeider eigen informasjonsfolder til næringslivet
- Informasjonsfolder til nyankomne (språk; norsk, engelsk, polsk, arabisk).
- Forsøk i forhold til rekruttering til kulturskuler (forsøk Gol og Hemsedal)
- Informasjon i forhold til kosthold og bekledning
- Det er også sett på tiltak som ligg innanfor den enkelte kommune sitt ansvar

SAK 60/11 ORIENTERING OM TAF (tekniske og allmenne fag), vedlegg 2 og 3.

I samband med saka deltok Gabriel Johannessen og Lena Ask Røed frå Kommunenes Opplæringskontor i Buskerud, og Oddvar Skråmestø frå Ål vgs.

Utgangspunktet var rekruttering av unge arbeidstakrar til offentleg sektor og tiltak for å auke rekruttering til og kvalitetshøving av helsearbeidarfaget i Buskerud.

Eit konkret tiltak vil kunne vera TAF (Tekniske Allmenne Fag), som med 4-årig utdanning gjev dobbel kvalifikasjon, fagbrev og studiekompetanse.
Det er eit mål å få til eit slikt tilbod i Hallingdal.

SAK 61/11 SØKNAD; DET NORSKE SKOGSELSKAP

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal ser positivt på søknad til DNS, og vil i samarbeid med andre aktørar løyve eit tilskot på inntil kr. 250.000 til Det norske Skogselskap i støtte til forprosjekt med tanke på etablering av eit opplevings - og kompetancesenter på Flå.
2. Regionrådet sin andel blir finansiert av regionalt næringsfond.
3. Regionrådet legg til grunn at prosjektet blir fullfinansiert, etter framlagt budsjett og finansieringsplan.

År 7.11.2011

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar